

* Jordbruksoppgjøret

Årets pott til investeringsstøtte er alt **brukt opp** fleire stader. Bønder må utsetje byggjeprosjekt. Fagfolk kallar behovet utømmeleg.



Går tomme for støtte til investeringar

I ei rekke område på Austlandet og på Jæren er pengane som er set av til investeringsstøtte i jordbruket for 2015 alt brukt opp. Mange bønder med planar om å bygge nye fjøs, må dermed setje utbygginga på vent. Det skapar fleire praktiske utfordringar for både bønder og entreprenørar.

Leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag vedgår at det ikkje er ein god situasjon.

– For den som står midt oppi det, er det ingen god situasjon. Investeringane er gjerne planlagd over lang tid. Eg vil derimot tru og håpe at dei fleste vil prøve igjen neste år. Vi treng investeringar på eit bra nivå for å auke matproduksjonen, seier Bartnes.

Fjerna støttetak

Blant fylka som i praksis alt har tom kassa for investeringsstøtte for i år er ifølgje Innovasjon Norge både Oppland, Hedmark, Oslo og Akershus. I tillegg skal det vere så godt som tomt i Østfold og i fleire andre regionar som Jæren.

– Fleire fylke og regionar vil

kome etter og vere tomme før sommaren. Vi merkar at interessa for å sjøkje om investeringsstøtte er stor, seier sektoransvarleg for landbruk i Innovasjon Norge, Kjell Bruvoll.

I jordbruksoppgjøret i fjor blei maksatsette for støtte fjerna. Det opnar ifølgje Bruvoll for meir pengar til kvart utbyggingsprosjekt, noko han reknar med er ein grunn til at potten til investeringar blir raskare brukt opp i mange område. Det låge rentenivået reknar han også med spelar inn.

– Låg rente dempar risikoene.

Det blir òg mogleg å binde renta på eit lågt nivå. Det er heilt sikert ein av faktorane som bidreg til interesse for å investere, seier Bruvoll, som seier det er vanskeleg å ansla om interessa er større i år enn for.

Krev meir til investeringar

Investeringsbehovet i landbruket er i fleire runder rekna til mangfaldige milliardar kroner. Kravet om lausdrift for alle mjølkekøy for 2024 er åleine venta å kunne koste over 13 milliardar kroner. Bruvoll seier det er svært vanskeleg å rekne ut kor stort behovet samla eigentleg er. Sjølv tilnær dei at investeringsstøtte bør aukast nær 50 millionar kroner i år.

– Investeringsbehovet er stort, men det er svært vanskeleg å rekne ut kor stort behovet er objektivt sett. Det blir mest som i helsesenet. Behovet er nærliggende. Sjølv om behovet skulle tilseie milliardvekst i støtte, så ser vi det som urealistisk å føreslå det, seier Bruvoll.

I kravet til jordbruksoppgjøret tek bondeorganisasjonane til orde for å setje av 20 millionar kroner meir til investeringsstøtte enn i fjor. Det er under halvdelen av det Innovasjon Norge vil ha.

Fakta

Investeringsstøtte

* 528 mill. kr går til investeringar og bedriftsutvikling i landbruket for 2015, sakkala fylkesvis BU-midlar.

* Pengane blir fordelt fylkesvis.

Ordninga blir administrert av Innovasjon Norge. Vilkåra for tildeling blir sett i samarbeid med næringsorganisasjonane i dei enkelte fylka.

* I kravet til jordbruksoppgjøret tek bondelaga til orde for å auke potten med 20 mill. kr. Innovasjon Norge har spelt inn 50 mill. kr i auke.

– Er det nok til å dekke behovet og innfri velferdskrava?

– Det er gode tal som underbyggjer behovet for auka investeringar. Skal vi klare utvikle landbruket på ein berekraftig måte, så treng vi meir investeringsstøtte. I kravet vårt må vi derimot prioritere. Når ramma ikkje er sterre, så meiner vi det er rett å bruke ein større del av pengane på å stimulere til auka produksjon og arealbruk, seier Bartnes.

Mehr til mindre prosjekt

I bondelaget blir det øg lagt opp til å vri meir av pengane til investeringsstøtte til små- og mellomstore brukbyggingar. Det blir føreslått ein trappetrinnsmodell med 45 prosent støtte opp til ein million, 35 prosent støtte fra ein til to millionar, 20 prosent støtte fra to til ti millionar kroner og 10 prosent støtte for belop over ti millionar kroner.

– Vi vil stimulere til investeringar på små og mellomstore bruk tilpassa arealgrunnlaget. Det beste er ikkje alltid å bygge nyt, men også stimulere til utviding, ombygging og tilpassingar, seier han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nasjonen.no

– Må leggje fjøsplata

Gamlefjøset er fullt og planane om nytt fjøs er klare, men Arne Berge har fått beskjed om at det ikkje er vits i å söke om investeringsstøtte sidan potten er tom.

TIME. – Eg var i full gang med å hente inn pristilbod då eg fekk beskjeden. Det var som å få seg ein på nasen, seier Arne Berge.

Mjølkbonde har nyleg fått beskjed om at årets pott til investeringsstøtte til bønder på Jæren alt er brukt opp og at sognaden hans derfor vil bli returnert utan svar. Også han er ikkje åleine. Berge, som er leiar i Time bondelag, seier mange er frustrerte.

– Mange har alt henta inn prisar frå entreprenørar og er klar til å setje spada i jorda, men nå stoppar alt opp. Skal ein vere kvalifisert til støtte, så kan vi ikkje begynne å grave ein gong. Bønder får dermed valet mellom å leggje fjøsplana på hylla eller bygge utan støtte, seier Berge.

Planlagt i læris
Sjølv har han planane klare om å



INVESTERINGAR
«Skal vi klare utvikle landbruket på ein berekraftig måte, så treng vi meir investeringsstøtte.»

LARS PETTER BARTNES
LEIAR I BONDELAGET

- Leit for dei det gjeld

Innovasjon Norge beklagar at bygginga stoppar, men seier det er opp til andre om systemet skal endrast.

Innovasjon Norge seier saksbehandlinga må følge dei årlege budsjettlovingane.

- Kvifor må alt stoppe opp når kassa er tom?

- Bondene skal ikkje ha begynt å bygge når dei sokjer. At nokon må utsette er leit for dei det gjeld, men slik har det alltid vore, seier sektoransvarleg Kjell Bruvoll, som seier støtta må vurderast som utlyssande om bonden skal få støtte.

Det er i år set av rundt 40 millionar kroner til investeringsstøtte i Rogaland, som har mål om at 70 prosent skal gå til andre delar av fylket enn Jæren. Medan dei 12 millionane til Jæren er brukt opp, står mykje av potten til resten av fylket ubrukt. Ifølgje Innovasjon Norge kan Jæren kan få meir av potten seinare, om det er for få søknader elles.

- Dei siste sju åra har det ikkje vore stopp før mot slutten av året, så situasjonen er ny for oss, seier seniorrådgjevar Karin Hansen Nærland.

Ho seier det er streng prioritering sidan potten er liten. Mesteparten går til store kufjøs, som kan få rundt 10 prosent i støtte. Alle prosjekt skal behandlast individuelt. Vilkåret er at prosjektet er lønsamt og at tilskotet er utlysande.

Fylkesdirektør Marit Karlsson Brandal seier Innovasjon Norge ikkje kan løyve pengar utover det budsjettetere.

- Kva med å behandle sa-kene nå og betale seinare?

- Vi kan ikkje løyve pengar vi ikkje veit kjem. Det kunne skapt ein vanskeleg runderdans. Kriteria kan endre seg frå år til år og det ville heller ikkje vore bra for nye bønder om kassa var tom for mange år, seier ho.

- Kvifor er det ikkje eit fast støttebeløp per båsplass?

- I dag er det individuell behandling. Støttebeløpet varierer òg lokalt. Ingen tilfelle er like. Om faste sjablongbeløp er meir rettferdig må andre vurdere. I tilfelle treng ikkje vi vere inne i biletet i det heile, seier ho.



Variasjon: Kvar utbygging skal i dag vurderast individuelt.



for hans del av landet er brukt opp får han valet mellom å bygge utan støtte eller legge planane på is.

FOTO: MARTIN BERGE

nar på hylla eller byggje utan støtte

bygge nytta lausdriftsfjos for 5,5 millionar kroner. Båsfjøset frå 1971 tilfredsstiller ikkje krava som trer i kraft om litt over åtte år. Berge har i lang tid planlagt utbygginga og for å få økonomi i utbygginga må han utvide produksjonen kraftig. Han har kjøpt opp ein nabogard og sjølv dyrka opp 170 nye mål med jord. Då han overtok i 2002 var garden på 124 mål dyrka jord og 130.000 liter mjolk i kvote. Etter gradvis opptrapping er kvoten i dag rett under 200.000 liter. I fjøset står nær 30 kyr og fullt påsett med stutar.

- Drytalet er auka opp med tanke på å bygge nytta fjøs, for det

er dyrt å kjøpe inn kyr. Både fjøset og gjødselkapasiteten er sprengt, så eg skulle helst starta bygginga fort, men nå veit eg ikkje kva eg skal gjøre, seier Berge.

Om han begynner å bygge i tråd med planane, mister han sjansen til å få støtte. Ifølgje

FJØSPLANAR

«Å skrinleggje utbygginga er siste utveg, men utan støtte kan det bli aktuelt. Eg må anten bygge nytta utan støtte eller redusere produksjonen. Begge delar blir fel etter mitt vit, seier Berge.

ARNE BERGE, MJØLKE- OG SAUEBONDE I TIME

Berge dreier det seg truleg om 500.000 til 800.000 kroner i støtte.

- Å skrinleggje utbygginga er siste utveg, men utan støtte kan det bli aktuelt. Eg må anten bygge nytta utan støtte eller redusere produksjonen. Begge delar blir fel etter mitt vit, seier Berge.

Må bygge større enn ønska
Berge skulle gjerne sett at søkerne blei behandla nå, sjølv om det er tomt for pengar.

- Eg kan gjerne vente to år på pengane, viss eg veit dei kjem. Systemet må endrast. Ein bør få halde gang på det og unngå at alt stoppar opp. Det blir ulik

behandling. Nokre får, andre ikke. Tidspunktet avgjer, seier han.

Han vil bygge 56 båsplassar. Helst skulle han ønskt det var nok med 300.000 liter i kvote. Då kunne han hatt resten til stutar, men lonsmenda er for svak.

- Innteninga blir 200.000 kroner betre med 400.000 liter i kvote. Det gir langt betre utnytting av mjøkeroboten, seier han.

Berge seier det er bra om det blir meir støtte til mindre utbyggingar, men prosjekt til under fem millionar har han lite tru på.

- Berre roboten kostar jo 1,2 til 1,3 millionar, seier han.